

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44 Veving

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sauda

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Dorte a Rabbe

Gard:

(adresse): Saudasjøen

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. , mest etter andre.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spørsmål nr 1 .

Til mannsklær, utanpåkær, nytta ein vanleg einskjeft vedmål, blåfarga eller sauleta. Ein sende det til stamping og overskjering og dei sa fyrr at dei kunde sjå kva bygd mannen var frå når dei såg vadmålet, sume hadde sterk pers i det so det blenkte, andre stader hadde dei det nær naturlegt.

sp 2 Kvinneklær. Til kjolar nytta ein både vadmål og stoff, det siste er ty med bomuldsrenning og ull innslag. Dei farga det gjerne brukt eller blått dildels ogso stripa det. Til understakkar var det gjerne stripa eller reika slik at bordi gjekk minst ei halv al oppå stakken. Til kjolar laga ein sumtid tyet ruta, gjerne ~~hakk~~ ^{helst} når det var halvull eller "stoff".

Elles brukte dei gjerne understakkar av ~~h~~ ilt samraudt vamål og etterpå brodert med svart ulltråd i dronningsting eller kjedesaum. Det var ogso ofte brodert tunger i kanten.

Underty til kvinner var elles det same slags stoff som til menn. For langt tilbake brukte dei vadmålsskjorter, sidan var det strikka bol og leretsskjorte. Livstykke var oftast av raudt vadmål og knappa framme. Sume brukte snøring slik dei brukar til bunad no.. Bukser er av vadmål, gjerne vanda- vadmål og dei var kvite til kvinner, til menn ofte grå.

2010
 Dei bruka eit plagg

halvbuksa eller halvbrok, denne var opi framme, det var eit framsteg når dei kom til å kunna sy "heile" buksa.

Vendavadmål kallast ogso tviskjeft, det vart tjukkare og mjukt og bruktest mest til underklær til menn.

sp 4 Pengjeomheng var laga av bomullsty i toskaft(einskjeft)

sp 5 Sengjety. Dynetrek og putetrek ^{var} ~~av~~ vove ofte i bolster store ~~store~~ ^{store} vevnåd og med striper(reiker) små og ~~store~~, rikt variert i mønstret. Ein bruka ofte myrke ty til putevar ogso, det var minder skitnesamt enn dei kvite som sidan kom i bruk.

sp 6 dukar, serviettar var mest i dreielsvevnað, einfelde rutemønster. Servietter har vore lite brukt. I eldre tid var lindukane gjerne vovne berre i vanleg toskaft og so med fine firflettingsborden i eine enden.

Sp 7 Handklær var det ikkje so mykje av. Men dei som vov laga dei gjerne "øiete", slike små skrårutemønster eller berre almindeleg vend.

sp 8 Åklær var her i bygdi mest brautåklæ(krokbragd) med rikt varierte reiker med ymse navn, slike reiker kallast brauter difor namnet brautåklæ.

Den ~~vanlege~~ ^{vanlege} teppeåklæ heitte her dokkåklæ, avdi ein hadde tråden i små dokker når dei vov.

II Navn på mønster skal eg prøva få tak i til seinare .

Seremne 8
Beregning

~~utrekning~~ ved veving.

Vevbredden var til vanleg ei god al. Sume hadde breide vevgongar og kunde veva åklær utan å sy saman i midten, men dei fleste sydde både teppe og kvitlar saman i midten.

2. Ein rekna bredden i al.

3 Ein rekna i tjug(tju) og rekna etter alna.

5 Dei hadde mål på gr net men eg kan ikkje gjera greida for det, skal prøva finna nokon eingogn sidan som minnest den gamle utrekningi

9198